



Geir Ivar Merkesdal
Huldretråkket 66
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9629 - 21/82481

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
06.12.2021

Ferdigattest påbygg fritidsbustad - gbnr 327/44 Moldekleiv

Administrativt vedtak: Saknr: 1310/21
Tiltakshavar: Geir Ivar Merkesdal
Ansvarleg søkjar: T M Byggservice Thomas Merkesdal
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for påbygg til fritidsbustad på gbnr 327/44.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.11.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 16.11.2021.

Skildring

Adresse:	Drageneset 49
Bygningstiltak:	Påbygg fritidsbygg
Bygningsnummer:	175993657 -1
Bruksareal:	22,8m ²

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/9629

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Geir Ivar Merkesdal	Huldretråkket 66	5142	FYLLINGSDALEN
T M Byggservice Thomas Merkesdal	Torgny Segerstedts vei 189	5143	FYLLINGSDALEN